




**Det minnar litt om emigrasjonen til Amerika:  
Laurdag reiser 49 ferieturistar fordelt på  
11 familiar saman til Kroatia og 9 av familiare er frå  
Uskedalen. 10 av familiare reiser i det  
samme Norwegianflyet og alle skal bu i 2 veker på  
samme staden. Det er øya Korcula nordover frå  
Dubrovnik.  
- No vert det fredeleg i bygda ei stund, seier reiseleiar Janne  
Hjelmeland til uskedalen.no**



Ein familie er frå Bergen og ein frå Kristiansand.

- Det starta med 2 familiar i Uskedalen som ville reise og så greip det om seg, seier Janne.

Tidlegare har 9 uskedelingar vore saman på denne øya som er eit lite paradys i Adriaterhavet.

Ho ligg like ved kysten til Kroatia, har 16 000 innbyggjarar og er knapt 5 mil lang. Middelttemperaturen i juli ligg rundt 27 grader!

Norwegianflyet tek av frå Flesland klokka 10.20 laurdag.

Av Ola Matti Mathisen